



Arkivsak

26/04792-2

Sakshandsamar

Ole Martin Haukland

Saksgang

Hovedutvalg for samferdsel

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Høyringsvar - overføring av skiltmyndighet til fylkeskommunane

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Telemark fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til forslaget om å overføre vesentlege delar av skiltmynda på fylkesveg frå Statens vegvesen til fylkeskommunane.
2. Telemark fylkeskommune meiner at overføringa vil leggje til rette for ei meir heilskapleg, effektiv og føremålstenleg forvaltning av fylkesvegane.
3. Telemark fylkeskommune legg til grunn at skiltmynde for vikeplikt og forkøyrsvog på fylkesveg også bør overførast til fylkeskommunane.
4. Telemark fylkeskommune støttar behovet for opplæring og kompetansebygging knytt til skiltforvaltning, og sluttar seg elles til vedlagde forslag til høyringsvar.

Bakgrunn og saksgang

Statens vegvesen har, på oppdrag frå Samferdselsdepartementet, sendt på høyring forslag om å endre skiltforskrifta slik at vesentlege delar av skiltmynda på fylkesveg kan overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. Høyringsfristen er 30. juni 2026.

Høyringa omfattar mellom anna forslag om overføring av vedtaksmynde for permanente reguleringar på fylkesveg, forslag til endringar i vegtrafikklova § 5 om retting av skilting som er i strid med regelverket, og andre endringar i skiltforskrifta kapittel 13.

Saka blir lagt fram for politisk handsaming med forslag til høyringsvar som vedlegg.

Saksopplysningar

I dag er det Statens vegvesen som har skiltmynde på fylkesveg. Fylkeskommunane har likevel i praksis ei sentral rolle i å greie ut saker og førebu grunnlaget for vedtak. Forslaget på høyring inneber at fylkeskommunane i større grad skal få samla ansvar også for skiltvedtak på eige vegnett.

Det vedlagde forslaget til høyringssvar gjer nærare greie for Telemark fylkeskommune sine synspunkt til dei ulike delane av høyringa.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Forslaget vil innebære at fylkeskommunen får eit meir samla ansvar i skiltsaker på eige vegnett. Telemark fylkeskommune har allereie i dag ei sentral rolle i førebuing av slike saker, og fylkesdirektøren vurderer derfor at overføringa i utgangspunktet ikkje vil medføre vesentleg auka arbeidsmengde samanlikna med dagens praksis.

Det vil likevel vere behov for gode rutinar, tydeleg arkivering og tilstrekkeleg fagleg kompetanse for å sikre forsvarleg forvaltning av skiltmynda.

Juridisk inneber saka at fylkeskommunen tek stilling til forslag til endringar i skiltforskrifta og vegtrafikklova § 5. Fylkesdirektøren meiner det er rimeleg med heimel for retting dersom skilting er i strid med regelverket, men vurderer det som unødvendig og uheldig å innføre heimel for tvangsmulkt.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Saka gjeld i hovudsak organisering og fordeling av mynde, og har ikkje direkte konsekvensar for fylket sine klimamål.

Indirekte kan ei meir heilskapleg forvaltning av fylkesvegnettet bidra til meir føremålstenlege trafikkreguleringar og betre trafikktryggleik. Dette kan støtte opp under bærekraftsmål knytte til trygge, inkluderande og berekraftige lokalsamfunn.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer forslaget om overføring av skiltmynde til fylkeskommunane som i hovudsak positivt. Forslaget vil kunne gi ei meir samla og tydeleg forvaltning av fylkesvegane, og betre samanheng mellom vegansvar og trafikkregulering.

Samtidig er det viktig at ordninga ikkje blir utforma slik at ho fører til unødig høyring, dobbel saksbehandling og auka byråkrati. Fylkesdirektøren meiner derfor at fylkeskommunane bør få mynde på dei områda der dei allereie har det operative og faglege ansvaret, mellom anna for vikeplikt og forkøyrsvog på fylkesveg.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er overføring av skiltmynde i hovudsak ei naturleg og føremålstenleg utvikling. Overføring av skiltmynde vil kunne gi betre samanheng mellom ansvaret for planlegging, drift, vedlikehald og trafikkregulering på fylkesvegnettet. Telemark fylkeskommune er i hovudsak samd i retninga i høyringsforslaget. Dette gjeld særleg overføring av mynde for særskilde fartsgrenser, trafikkregulerande skilt, andre offentlege skilt og vegoppmerking på fylkesveg.

Samtidig meiner fylkesdirektøren at nokre delar av forslaget vil kunne føre til unødig byråkrati og lengre saksbehandlingstid. Dette gjeld særleg omfattande ordningar for høyring av Statens

vegvesen før fylkeskommunen kan fatte vedtak. Etter fylkesdirektøren si vurdering bør slike ordningar avgrensast til det som er nødvendig.

Fylkesdirektøren meiner òg at skiltmynde for vikeplikt og forkøyrsvog på fylkesveg bør overførast til fylkeskommunane. Fylkeskommunane har allereie ei sentral rolle i det faglege forarbeidet i slike saker, og det vil vere meir føremålstenleg at vedtaksmynda ligg same stad som det øvrige ansvaret for fylkesvegnettet.

Når det gjeld trafikklyssignal, er det etter fylkesdirektøren si vurdering rimeleg at vedtaksmynda framleis ligg hos Statens vegvesen, då dette er eit særskilt fagområde med avgrensa fagmiljø.

Fylkesdirektøren tilrår at Telemark fylkeskommune gir høyringssvar i tråd med vedlagde forslag.

Vedlegg:

Høring - overføring av skiltmyndighet